



Jan Tore Hjelmeland og Svein Omvik i gang med grøfterensk ved Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Har du undra deg over kva dei orangefarga merka på fylkesvegen opp gjennom dalen har markert? No er svaret klart.

Firma K. Hjelmeland frå Omvikdalen har starta grøfterensk på den sju kilometer lange fylkesvegstrekinga frå møtet med riksvegen like ved Kapteinsgården og til sнопlassen ovanfor Musland.

Det er all grunn til å setta ein strek under og vera nøgd med prosjektet, for det er slett ikkje daglegdags på vegstellet vårt. Sjølv lokalkjende kan ikkje hugsa når det var grøfterensk sist på denne vegstrekinga.

Jobben skal vera gjort innan utgangen av neste veke, fortel Jan Tore Hjelmeland og Svein Omvik til uskedalen.no

Dei gjer jobben for firmaet som har vedlikehaldsansvaret både for riks- og fylkesvegane i heile distriktet – E. Opedal.

Hjelmeland og Omvik har vore i gang med rensk langs fylkesveggar i Kvinnherad heilt sidan årsskiftet – for det meste på Halsnøy men også langs ein veg på Sunde. Når dei er ferdige med veggen opp gjennom Uskedalen kjem turen til den heimlege Omvikdalen og der set dei førebels punktum.

- Men neste år kjem turen til riksvegen, fortel dei.

Diverre har dei ikkje kjennskap til om grøfterensken vil bli følgd opp med nyasfaltering av veggen på Døsslandssido. Veggen er overmoden for eit nytt asfaltdekke. Oppsittarar og faste trafikanter peikar på at den er svært slitt på denne strekinga.

Heller ikkje skal det vera planlagd grøfterensk langs den kommunale veggen på Kjærlandssido.

Av Ola Matti Mathisen